

Tilbakemelding på tekst

Love is in the air

Har du nokon gong hatt det slik at du vil ha noko som du ikkje kan få? (Du svarer ja, ikkje sant?) Dei fleste har hatt det slik ein eller annan gong, men dersom ein prøver veldig hardt, kan det vere at ønsket blir verkeleg. Nå skal eg fortelje om den gongen da eg og Sara var på sommarferie i Kristiansand.

Alt var pakka og klart, om ein halv time skulle vi dra. Vi skulle til Sommarøya i Kristiansand, der vi har hytte. Eg hadde fått lov til å ha med ei veninne, ikkje overraskande valde eg Sara. Sara er ei morojente, ho har langt brunt hår, har søte smilehol og har ein eigen klesstil som er kul. Eg er blond, og er ganske vanleg eigentleg. Da vi hadde sett oss inn i bilen og var klare til å dra, var alle i godt humør. I bilen prata Sara og eg om det alle jenter pratar om, nemleg gitar. Vi prata mest om den guten vi såg på hytta i fjor, han var jo så fin. «Håper han er på Sommarøya i år også,» sa Sara medan hun lo. «Kva ler de av?» spurde mamma. «Ikkje noko,» svara eg. Mødrer skal alltid blande seg opp i alt og alle, av og til er det veldig plagsamt! Vel, vel, ikkje noko ein kan gjere med det, tenkte eg.

Da vi hadde kome halvveges, stoppa vi på «Lyngrillen» for å ete middag. Maten var kjempegod. Etter å ha ete herleg hamburgerar og kjøpt godteri, var vi på vegen att. Heldigvis for oss var det ikkje kø, så resten av vegen gjekk ganske fort.

Da vi var framkomne, pakka vi ut av bilen og plasserte bagasjen der han skulle vere. Sara og eg har alltid det største soverommet på hytta. Sara smilte og sa til meg: «Det er ikkje rart at vi treng størst plass, eg kan ikkje la noko bli att heime.» Da vi hadde pakka ut, bestemte vi oss for å dra ned til stranda og sole oss. Vi la oss på graset litt ovanfor strandkanten. Ingen av oss liker å liggje i sanden, han set seg fast overalt, og det er ubehageleg. Etter at vi hadde sola oss ei stund spurde Sara om vi skulle ta oss ein dukkert. «Yes,» svarte eg. Vi tok av solbrillene og sprang ut i vatnet. Det var herleg og avkjølande. «Sikkert tjue gradar,» sa eg og lo. Sara smilte, ho har så søte smilehol.

Da vi hadde bada ei stund, gjekk vi opp for å sole oss att. Sola steikte varmt på den skyfrie himmelen. Eg skulle akkurat til å ta ein kjeks frå strandveska mi, da eg såg han. Det var guten, han vi såg i fjor. Eg snudde meg mot Sara. «Sjå!» sa eg med kviskrande stemme. «Kva er det?» spurde Sara. «Sjå på guten,» kviskra eg. Ingen av oss såg særleg smarte ut der vi låg og glante bort på (den kjekke) guten som gjekk mot oss. «Slutt å sjå, lat som ingenting,» sa Sara fort. Vi kunne

ikkje sjå kvar han såg, fordi han hadde på seg solbriller. Han har mørkebrunt hår, er passe høg og er perfekt. Sjå på den dritfine magen, tenkte eg for meg sjølv. Han gjekk forbi oss og rett bort til kameratane sine. Alle var pene, men han var penast!

Oppgaver

- A Les elevteksten «Love is in the air».
- B Gi tilbakemelding på teksten. Kva var bra?
- C Gi eksempel på korleis teksten kan bli betre?